



Notat

Dato: 08.09.2017
Arkivsak: 2017/15276-1
Saksbehandlar: marvirk

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Disponering av investeringsmidlar til ny hovudmotor til opplæringsfartøyet "Stø kurs" ved Austevoll vidaregåande skule

Hordaland fylkeskommune er eigar av opplæringsfartøyet «Stø kurs». «Stø kurs» er Hordaland fylke sitt einaste skip av sitt slag. Austevoll vidaregåande skule disponerer fartøyet.

At Austevoll vidaregåande skule har eit opplæringsfartøy som «Stø kurs» til disposisjon, gjer at skulen kan gje elevane på dei ulike marine og maritime utdanningane ei unik opplæring og praktisk utdanning. Fartøyet er i bruk så å seie kvar dag heile skuleåret og gjer elevane mykje meir førebudde på tida ute i lære på ulike skip enn kva dei ville vore utan den praktiske erfaringa frå «Stø kurs».

Alle dei fire Vg2-klassane ved skulen (Vg2 maritime fag – dekk/matros, Vg2 maritime fag – maskin/motormann, Vg2 akvakultur og Vg2 fiske og fangst) nyttar båten kvar veke. I tillegg vert den nytta 1 - 1,5 mnd i året av Vg1 naturbruk under fiske av torskekvote i Lofoten (februar/mars). I løpet av skuleåret vert det óg arrangert mindre seglingstokt (2-4 dagar) med dei ulike Vg2-klassane. Om bord vert det gjeve eit breitt spekter av opplæring, som til dømes rednings- og evakueringsøvingar, ulike vedlikehaldsoppgåver (maling, sveising etc.), samt å navigere og manøvrere fartøyet trygt og godt – med god rettleiing i styrehuset.

Under torskefiske i Lofoten i 2017 hadde skulen med elevar frå Vg1 naturbruk ved Fusa vgs. Dette var elevar som ville søke Vg2 fiske og fangst ved Austevoll vgs. Fusa har eigen fiskekvote, og denne vart fiska av «Stø Kurs». Også i komande torskesesong (februar/mars 2018) er det planlagt at elevar frå Fusa vgs skal vere med og fiske deira torskekvote med «Stø Kurs».

Hovudmotoren er frå 1975, året båten vart bygd. Det er diverre ikkje lenger mogleg å få tak i reservedelar til denne, noko som fører til at sjølv den minste reparasjon vert særstid- og kostnadskrevjande – då alt må spesialbestillast. Motoren har dei siste to åra vore særst utstabil, ettersom sentrale motordelar har blitt øydelagde. Dette har mellom anna ført til ei veke med avbrote fiske i Lofoten i mars 2017, samt avbrote kystsegling etter at sesongen var over. Under seglingen mellom Bodø og Bergen/Austevoll (april 2017) vart ein del på hovudmotoren øydelagd, noko som førte til at båten måtte søkje naudhamn i Kristiansund. Båten vart liggjande ved Kristiansund Mekaniske Verkstad gjennom heile påska, før ein spesialist frå Man

Motorfabrikk i Danmark utbeta feilen. Pga. mangel på reservedelar til hovudmotoren måtte delen spesiallagast. Både reservedel og reparasjon vart av den grunn særskild kostnadskrevjande.

Næringslivet i Austevoll har tatt initiativ til eit spleiselag for å få skifte hovudmotoren i «Stø kurs». I samarbeid med skulen er det innhenta pristilbod på ny hovudmotor inkl. akselgenerator, hjelpemotor, gir, propellanlegg, alarmsystem og hovudtavle – i tillegg til pristilbod på arbeid.

Motteke pristilbod er på kr 8 mill. eks mva. Inkludert mva vil prisen vere 10 mill.

I perioden 31.7.2017 - 31.7.2018 må «Stø Kurs» gjennomføre ein «mellombesiktigelse» av Sjøfartsdirektoratet. Dette medfører full sjekk av hovudmotor, hjelpemotorar etc, samt akseltrekk. Skulen forventar at ein då vil få pålegg om omfattande utbetringar (ca. 1.5 - 2 mill.). I staden for å bruke 1,5 - 2 mill. på vedlikehald av gammalt utstyr, er det ynskjeleg å investere i ny maskin.

Fylkesrådmannen foreslår at Hordaland fylkeskommune gjev næringslivet i Austevoll tilbakemelding om at HFK kan bidra med kr 5 mill. til ny hovudmotor, der 3 mill. vert disponert av opplæringsavdelinga sine investeringsmidlar i 2018 og 2 mill. er finansiert av konsesjonsinntektene til Austevoll vidaregåande skule i 2018.